



Oljebransjen jubla over ny flyrute

Den 16. januar landa det første ruteflyet frå Stavanger i Florø, noko som mange meinte ville styrke kompetansmiljøet og kommunikasjonen mellom Florø og oljehovudstaten Stavanger. Ruta korresponderer samstundes med DAT sine ruter til Geiteryggen i Skiden som har eitt sterkt subsea-miljø.



Millionsatsing på Sørstrand

I januar vart det klart at Sørstrand Folkepark i Flora skulle utstyrt med større strand, bruer til øyene i sør, ny bålplass, volleyballbane, sjøtrapp og kaifront til småbåtar. Folkeparken har vore velsigna med stor dugnadsinnsats sidan opninga i 2009. I januar byrja jakta på ein hovudsponsor.

HEIDERSPLASSEN

Ungdomsbedrifta Malawi UB

Sjølvs om innsamlinga av pengane og engasjementet desse elevane får heidersplassen for i realiteten vart gjennomført i 2011, var det offentleggjort i byrjinga av 2012. Elevane har utmerkt seg som ei driftig gruppe som tek i eit tak og står på for andre. Under internasjonal dag og aksjonsdagen i 2011 ved Flora vidaregåande skule har dei deltakande elevane samla inn 165.000 kroner til Nkhokota og prosjekta der. Totalt førte dette til at ungdomsbedrifta per januar 2012 hadde 210.000 kroner på bok, noko som vert brukt til fleire ulike prosjekt; blant anna ei skulestipendordning og bygging av klasserom til læring av sveising og IT i Nkhokota.



Nytt tilbud til «Tysdagsgjengen»

«Tysdagsgjengen» er eit sosialt musikktilbod til vel 30 psykisk utviklingshemma. Tilbodet vart lagt ned då det ikkje lenger var nokon som kunne drifte tilbodet. I januar sette Firdaposten søkjelyset på det manglande tilbodet, noko som gjorde at Norunn Stavø sette krefter i sving for å få gruppa attende.



UGLESETT: Ordførar i Bremanger kommune Karl Vidar Førde fekk massiv kritikk etter det enkelte meiner var misbruk av stillinga si i høve kraftlinje-konflikten i Ålfoten. Foto: Anita M. Ingebritsen

Ordføraren vart uglesett i bygda

FLORA: I heile 2012 har kraftlinje-sakene i Bremanger og i Flora prega nyheitsbilete. Tidleg i januar kom det fram at den ferske Bremanger-ordføraren Karl Vidar Førde vart skulda for å ha misbrukt stillinga si for å flytte kraftlinjetraseen vekk frå eigen eigedom.

MAIKEN AANNEVIK SOLBAKKEN
maiken@firdaposten.no

I januar var det heitt kring ordføraren då fleire medium, både lokalt og riksdekkjande, slo opp saka om striden kring kraftlinjetraseen i Ålfoten. Det kom som følge av OED gjorde eit vedtak onsdag 21. desember 2011 der dei fastslo kvar linja mellom Ørskog og Sogndal skulle gå. I Bremanger vart det fastslått at kraftleidningen skal krysse Førdspollen, gå gjennom Myklebustdalen og Sør-dalen, med transformatorstasjon i Myklebustdalen. Det at senterpartiordføraren er eigar av ein eigedom i Ålfoten som vart skjerma for kraftlinja førte til snakk. Førde vart skulda av Myklebust grunneigarlag for å ha misbrukt stillinga si som Sp-ordførar i Bremanger til eiga vinning.

Ordføraren på si side nekta for dette, og gjorde det klart at han melde seg ugild i saka.

– Fleire personar helsar ikkje på meg eller andre i Førdebygda. Det er utruleg trist at det skal vere slik i ei lita bygd som Ålfoten. Bremanger kommune hadde eit samrøystes vedtak om å verne Førdedalen i 2006, før eg byrja mitt politiske liv. Eg har verken vore i kontakt med Ola Borten Moe eller OED om denne saka, sa ordføraren i januar.

Ole Johnny Myklebust hevda i VG at trasevalet var skreddarsydd Førde Grunneigarlag, der ordføraren hadde store eigeninteresser. Han meinte det ikkje var nokon tvil om at Sp-kontaktane til ordføraren har spelt ei avgjerande rolle for utfallet i saka.

Myklebust grunneigarlag helt fram kampen med å omgjere vedtaket i OED, og den 12. januar haldt grunneigarlaget i Ålfoten årsmøte. Her førte striden mellom Førde og Myklebust grunneigarlag til vidare splitting om trasevalet.

OED valde trasevalet til trass for NVE si tilråding om linjetrase gjennom Førdedalen.



Widerøe slo til med null-bod

I januar vart det klart at Widerøe skulle fly frå Florø att, og det danske flyselskapet DAT måtte pakke og dra etter 12 år. Førre konsesjonsrunde kravde Widerøe 115 millionar frå staten for å drive frå Florø. I år ville flyselskapet ta på seg rutene til og frå Florø lufthamn utan statsstøtte, noko DAT var klar på at dei ikkje hadde musklar til å konkurrere mot og som var meir freistande for Samferdselsdepartementet enn dei 59 millionane DAT trengde. At Widerøe skulle ta over førte til frykt hjå fleire for at prisnivået ville stige når den einaste konkurrenten til Widerøe forsvann. Gjennom åra da DAT har hatt konsesjon for å fly frå Florø har prisane gått kraftig ned, og ordførar Bengt Solheim-Olsen var ein av dei som var uroa for at prisane ville auke.



Fornybar energi fekk medvind

I Bremanger kommune fatta kommunestyret vedtak om vindkraftindustri i kommunen. Spørsmålet var om dei skulle gå god for konsesjon til vindkraftindustri på Guleslettene, Hennøystranda og Bremangerlandet Vindpark. På møtet vart det røysta for at Guleslettene og Hennøystranda skulle få vindkraftkonsesjon. Styret sine representantar var derimot splitta i spørjemålet om Bremanger Vindpark, noko som var å forventa etter lokal motstand til prosjektet. Det enda med 18 stemmer for og fem stemmer mot, der tre av fire representantar frå Ytre Bremanger var på nei-sida. Kommunen vart kritisert for å vere drivne av Terra-skandalen og derav dårleg økonomisk tilstand i kommunen, då vind-utbyggarane vil investere 3 mrd.